

KOMMISJONSVEDTAK

2005/EØS/16/26

av 7. november 2002

om endring av rådsdirektiv 96/49/EF med omsyn til fristane for når trykkfat, flaskebatteri og tankar til jarnbanetransport av farleg gods må stette føresegnene i direktivet(*)*[meldt under nummeret K(2002) 4343]*

(2002/885/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA
HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 96/49/EF av 23. juli 1996 om tilnærming av lovgjevinga i medlemsstatane om jarnbanetransport av farleg gods⁽¹⁾, sist endra ved kommisjonsdirektiv 2001/6/EF⁽²⁾, særleg artikkel 6 nr. 4 tredje leddet, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Dei europeiske standardane som fastset detaljerte tekniske spesifikasjonar for bygging av, bruk av og transportvilkår for trykkfat, flaskebatteri og tankar til jarnbanetransport av farleg gods, er enno ikkje vortne lagde til i vedlegget til direktiv 96/49/EF, ettersom CEN enno ikkje har avslutta standardiseringsarbeidet med omsyn til slikt utstyr.
- 2) Det er difor naudsynt å utsetje dei fristane som er fastsette i artikkel 6 nr. 4 i direktiv 96/49/EF, for når trykkfat, flaskebatteri og tankar må stette føresegnene i direktiv 96/49/EF.
- 3) Direktiv 96/49/EF bør difor endrast.
- 4) For å fremje rettstryggleiken bør dette vedtaket nyttast frå 1. juli 2001 —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

I artikkel 6 nr. 4 i direktiv 96/49/EF skal første og andre leddet lyde:

«Ein medlemsstat kan halde fram med å nytte nasjonale føresegner i kraft 31. desember 1996 som gjeld bygging av, bruk av og transportvilkår for nye tankar og nye trykkfat og flaskebatteri, slik det er definert i klasse 2 i vedlegget, som vik av frå føresegnene i dette vedlegget, fram til det i vedlegget vert lagt til tilvisingar til standardar for bygging og bruk av tankar, trykkfat og flaskebatteri som er like bindande som føresegnene i vedlegget, men berre fram til seinast 30. juni 2003. Trykkfat, flaskebatteri og tankar som er produserte før 1. juli 2003, og andre romfang som er produserte før 1. juli 2001 og vert haldne ved like på eit nivå som stettar tryggleikskrava, kan framleis nyttast på dei opphavlege vilkåra.

Fristane 30. juni 2003 og 1. juli 2003 skal lengjast for trykkfat, flaskebatteri og tankar som ikkje er omfatta av detaljerte tekniske krav, eller som det ikkje er lagt til tilstrekkelege tilvisingar til relevante europeiske standardar for i vedlegget.»

Artikkel 2

Dette vedtaket skal nyttast frå 1. juli 2001.

Artikkel 3

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfærd i Brussel, 7. november 2002.

For Kommisjonen

Loyola DE PALACIO

Visepresident

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 308 av 9.11.2002, s. 44, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 51/2003 av 16. mai 2003 om endring av EØS-avtalens vedlegg XIII (Transport), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 39 av 31.7.2003, s. 17.

(¹) TEF L 235 av 17.9.1996, s. 25.

(²) TEF L 30 av 1.2.2001, s. 42.